



BACHELOROPPGÅVE

Kva skjedde med Francis Johan Phillipsen?

- Waffen SS-soldaten frå Sogn som forsvann

What happened to Francis Johan Phillipsen?

- The Waffen SS soldier from Sogn who disappeared

Odd Helge Brugrand

SA523 Bacheloroppgåve i historie

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

Rettleiar Oddmund Løkensgard Hoel

14.05.2021

Føreord

Dei norske frontkjemparane - nordmenn som melde seg til tysk krigsteneste medan Norge var under tysk okkupasjon - har på nytt kome i fokus, aktualisert gjennom dokumentarserien «Frontkjemper» av Alexander Kristiansen i NRK våren 2021.

I 2010 debuterte eg på Kagge forlag med historia til 16-år gamle Ivar Skarlo som verva seg til det han trudde var fronteventyret. I boka blir historia hans fortalt og belyst. Men eitt tema vart ikkje avklara; nemlig mysteriet om ein namnlaus mann, mogleg norsk, som vart likvidert under dramatiske tilhøve i Austerrike på tampen av krigen.

I januar 2021 fekk eg e-post frå Tommy Natedal som hjalp til med research til boka. Han viste til ein e-post frå tidlegare etterforskar Martin Q. Magnussen i Danmark. Der stod følgande:

Francis Johan Phillipsen, fødd 8. september 1897 i Leikanger, Sogn og Fjordane

Gamal kunnskap byrja å dukke opp att. Eg skjønnte fort at det siste mysteriet frå boka kunne få ei løysing. Og det med moglege norske koplingar til Holocaust. Det opphavelige forslaget til bacheloroppgåve vart kasta. Her var det berre å hive seg rundt.

**

Eg vil takke rettleiaren min, professor Oddmund Løkensgard Hoel, for engasjementet og dei gode råda. Takk også til Yngve Nedrebø ved Statsarkivet i Bergen og Geir Brenden for tilgangen til det private kjeldematerialet hans.

Tallinn, 14. mai 2021

Odd Helge Brugrand

Innhold

Føreord	2
Innleiing.....	4
Problemstilling	5
Kjeldepresentasjon	5
Forskningsstatus.....	6
Munnleg kjelde og kjeldekritikk	7
Skriftleg kjelde og kjeldekritikk.....	11
Nordmenn i Waffen-SS.....	13
Philipsen og livet før krigen.....	14
Frå helt til landssvikar	17
Til Leningrad-fronten	21
Reiser frå Leningrad-fronten.....	25
Konklusjon.....	28
Vidare gransking	30
Kjeldeliste	33
Litteraturliste:	34

Innleiing

Denne oppgåva skal prøve å finne ut om det var Francis Johan Phillipsen som vart dømt til døden og likvidert i «SS-Kaserne Wetzeldorf» i Graz i Austerrike i 1945. Offentlegheita stifta bekjentskap til historia i boka «16 år og Hitlers soldat» (2010) som er ei journalistisk beretning om ein ung norsk gut som verva seg til tysk krigsteneste i 1942. Sjølv om boka følger tenåringen Ivar Skarlo si ferd som «Freiwillig» for Waffen-SS, omtaler boka fleire andre personar og hendingar. Under følger utdrag av ei sidehistorie i boka:¹

Graz, april og mai 1945

Det går en mann rundt i SS-Kaserne Wetzeldorf. En mørkhåret mann, liten av vekst, bebrillet og godt over 30 år. Ivar har sett ham flere ganger. Han går rundt i det tyskerne kaller «drillantrekk», et slags uniformert dongeriantrekk med lyse og mørke striper. Han koster gater og plasser, rydder i blomsterbed og fjerner søppel. Mannen er norsk. Fra Bergen. Det er Ivar blitt fortalt av materialforvalteren nede i sportsbua, en ung Oslo-gutt.

Bergenseren er straffedømt og fange. Det er derfor han går rundt i drillantrekket. Men ikke nok med det. Han er dømt til døden. Mens han venter på at dommen skal fullbyrdes, beordres han til ulikt arbeid i leiren. Slik har han gått i flere uker. Ryktet Ivar hører, er at mannen skal ha jobbet med bokholderi i leiren Tobelbad, tolv kilometer vest for Graz. Der rotet han seg bort i en kvinne som lurte ham inn i noe svindel. For dette er straffen blitt døden. Ivar har aldri snakket med ham. Bergenseren holder seg mye for seg selv. Bare materialforvalteren har fått han i tale, og han videreforteller villig til Ivar.

(...)

Enda mer sannsynlig er det at han måtte ta del i oppryddingen den natten lastebilen kom. For det Ivar hørte i leiren etter at lastebilen hadde kjørt bort, var at de dødsdømte hadde ryddet kraterne. Og at bergenseren hadde vært med på det.

Vi får kanskje aldri vite. Natt til 7. mai 1945 skjer det noe ute blant brakkene i Wetzeldorf. Mens soldatene sover, blir dødsdømte fanger ført ut av stedet der de holdes innesperret. Blant dem er mannen fra Bergen. Én etter én blir de ført mot et sted bak sportsplassen, der rekruttene pleier å ha skyteøvelser. Så lyder skudd. (...)

¹ Brugrand 2010: 215-217

Dersom intervjuet med Skarlo hadde vore gjort i dag, ville bachelorprosjektet mitt vore meldepliktig til Norsk senter for forskingsdata (NSD). Dette var ikkje ei relevant problemstilling då eg gjorde intervjuet til eit journalistisk føremål i 2009–10. I og med at føremålet med intervjuet den gongen var å publisere livshistoria til Skarlo, er det etisk uproblematisk å bruke materialet som kjeldegrunnlag for denne oppgåva.²

Problemstilling

Eg har fire mål med denne oppgåva. For det første; er det mogleg, basert på kjeldene som er tilgjengeleg for meg, å sannsynleggjere at Francis Johan Phillipsen, fødd 1897 på Leikanger, vart dømt til døden av det tyske nazi-regimet og likvidert i Austerrike før kapitulasjonen i 1945?

For det andre; vil det med dei same kjeldene vere mogleg å sannsynleggjere at Phillipsen er identisk med mannen som får ein slik skjebne forklart av Ivar Skarlo i «16 år og Hitlers soldat»?

Det tredje; vil kjeldene sannsynleggjere at Francis Johan Phillipsen deltok i oppryddinga etter ein massakre i SS-Kaserne Wetzelsdorf i 1945?

Endeleg vil eg kartleggje livsløpet til Phillipsen for å kunne avdekke eventuelle hendingar som spela inn på vala han tok under krigen. Ei slik kartlegging kan vere eit godt reiskap til å danne eit bilde av personen, samt til å utdjupe og forstå det kjeldene måtte fortelje om han.

Kjeldepresentasjon

Eg nyttar både munnlege og skriftlege kjelder i denne oppgåva. Den viktigaste er den munnlege, som er er kva tidlegare frontkjempar Ivar Skarlo (1926-2010) fortalte i samband med bokaarbeidet. Det kan sjåast på som *hovudmateriale* fordi eg bygger oppgåva rundt opplysningar som kom fram i intervjuet med han.³

Den viktigaste skriftlege kjelda er materiale som ligg i mappa til Francis Johan Phillipsen i landssvikarkivet, samt skriftleg materiale funne av Magnussen i det danske riksarkivet.

Eg vil elles støtte meg på arbeidet til Vegard Sæther; «*En av oss - norske frontkjemper i krig*

² Drøfta med, og etter råd frå rettleiar

³ Grove/Heiret 2020: 128

og fred» (2010) og Terje Emberland/Matthew Kott; «*Himmlers Norge – nordmenn i det storgermanske prosjekt*» (2012).

Som bakgrunnsmateriale står eg meg på faghistorikar Knut Flovik Thoresen sitt arbeid, amatørhistorikarane Geir Brenden og Tommy Natedal, samt min eigen kunnskap om frontkjemparar etter uttalige samtalar med dei, og søk i norske, estiske og litauiske arkiv. Eg nyttar også Geir Brenden sitt private arkiv, Digitalarkivet, Nasjonalbiblioteket, Stiftelsen Norsk Okkupasjonshistorie - og opplysningar til eventuelle etterkommarar.

Forskningsstatus

Det er laga mykje litteratur på norske frontkjemparar dei siste åra. På den eine sida har me memoarlitteraturen, skrive av deltakarane eller av nokon som har ført deira beretning i pennen. Døme er Bjørn Lindstads *Den frivillige, en frontkjemper forteller sin historie* (2010) og *Glemt soldat* (2008), beretninga til Wolfgang Windingstad, skrive av Sigurd Senje.

Så har me dokumentarforfattarar som Kjell Fjørtoft (1993) og Egil Ulateig (2002). I denne journalistiske tradisjonen følger Eirik Veum med bokserien *Nådeløse nordmenn* (2012, 2013, 2014) og Veum/Geir Brendens *Deres ære var troskap: nordmenn drept i tysk krigsteneste* (2020).

På faghistorisk hald har Bjørn Westlie (2008, 2012), Hans Fredrik Dahl (2015, 2017) og Stein Ugelvik Larsen (2015) lenge vore sentrale. I nyare tid har ein ny generasjon ved Vegard Sæther (2010) og Knut Flovik Thoresen (2012, 2013) markert seg.

HL-senteret, senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter, har fått mykje merksemd for arbeida til Terje Emberland (2012) og Sigurd Sørli (2015). Deira arbeid har knytt nokre norske frontkjemparar til krigsbrottsverk på Austfronten. Det er også kome 9 masteroppgåver som heilt eller delvis omtalar frontkjemparar sidan 2004.⁴

Professor Baard Herman Borge deler synet og forskinga på frontkjemparar opp i tre fasar. I den første, frå krigen og fram til 1980, vart frontkjemparar primært sett på som landssvikarar. I den andre fasen hadde forskinga så smått byrja, og perioden vart prega av forsøk på å forstå

⁴ Øien 2019, Presteaasen 2019, Klausmark 2017, Ørjavik 2015, Bay, 2014, Borgen 2009, Nomeland 2008, Skjønsvjell 2005, Stenwig 2004

dei, med ei empatisk og mindre fordømmende tilnærming. Den tredje fasen, frå 2005, blir kjenneteikna av to tendensar: Den eine vidarefører den åpne og empatiske tilnærminga. Den andre blir dominert av Holocaust-vendinga; ein internasjonal tendens som dei siste 20 åra har skapt eit stadig sterkere fokus på massedrapa.⁵

I det publiserte materialet er det lite å finne om Francis Johan Phillipsen. Han er nemt i *Deres ære var troskap. Nordmenn drept i tysk krigstjeneste*⁶ og i nettstaden Allkunne under *Frontsoldatar frå Sogn og Fjordane*,⁷ begge med usikre opplysningar.

Munnleg kjelde og kjeldekritikk

Ei hovudkjelde i oppgåva er munnleg. Generelt kan ein seie at munnlege kjelder som primærkjelde, kan gje eit meir personifisert inntak til historia og ein nærare innsikt i kva som hende, enn kva eit offentleg dokument kan. Spesielt når anna materiale som omtalar slike hendingar som oppgåva mi prøver å finne svar på, i ein kaotisk avslutning av ein storkrig, truleg er sparsomme og kanskje ikkje-eksisterande.

Ifølge Knut Grove og Jan Heiret er nokre argument for å nytte munnlege kjelder at dei både utvidar og utfyller det historiske materialet. I fleire samanhenger kan me ikkje skrive om eit tema utan å intervjuje folk, meiner dei.⁸ I Oral history-tradisjonen vert munnleg materiale gjerne sett på som meir autentisk og nærare det verkelege livet enn det som er nedteikna i dokument, ein slags historie innanfrå og ikkje utanfrå.⁹

Ei munnleg kjelde kan følgast opp med spørsmål, innfallsvinklar og utdjupningar. Og ho kan uttrykke kjensler og haldningar om tema. Som ein av dei siste attlevande deltakarane frå andre verdskrigen var Ivar Skarlo viktig fordi han representerte ei side av krigen som er mindre belyst enn den allierte sida. Som munnleg kjelde kunne han komme med opplysningar me ikkje finn andre stader, og motverke skeivheiter i historieskrivinga. Det blir ofte hevda at krigshistoria blir skriven av vinnaren. Til dømes kan eit dokument fortelje at han verva seg. Men Skarlo kan fortelje korleis livet arta seg på austfronten for ein norsk tenåring i tysk uniform. Eit anna dokument kan avsløre at han var krigsfange hjå amerikanarane. Men berre

⁵ Borge 2021

⁶ Veum/Brenden/Dalen 2020: 201

⁷ Starheim 2015

⁸ Grove/Heiret 2020: 125

⁹ Grove/Heiret 2020: 128

Skarlo kan utdjupe korleis fangelivet arta seg for han, som til dømes ved å fortelje om grove overgrep mot tyske krigsfangar frå alliert side.¹⁰

Likevel, bruk av munnlege kjelder er ikkje beint fram. Ein forskar bør vere vår på korleis ein arbeider med, tolker og kommuniserer med munnlege kjelder.

Grove og Heiret meiner at intervju får form som ei beretning, men er i røynda ei leivning, eit produkt som vart til då intervjuet vart gjort. Dei meiner at både informanten og intervjuaren er plassert i samtida, og at det som blir fortalt, må bli forstått i samtida, og kanskje også passe inn i samtida. Kva gamle mønster og meiningsberande trekk kan til dømes ha festa seg hjå informanten?¹¹

Opplysningane frå den munnlege kjelda/informanten Ivar Skarlo kom fram i slike intervju. Ei utfordring for denne oppgåva har vore at eg undersøker berre ein liten flik av alt Skarlo fortalde i boka. Å sjå hendinga i Graz inn i ein samanheng som nemt ovanfor, blir litt som å skyte spurv med kanon. Det føles vanskeleg å vurdere sidehistoria frå Graz i samanheng med noko mønster eller innpassing i samtida frå informanten si side. Til det er historia for direkte, og for trufast til kva samtida for tida nettopp forventar av tysk side under krigen; nemlig likvideringar, massedrap og deltaking i Holocaust. Om då ikkje Skarlo fabrikkerte ei atkjenneleg historie for å unngå fokus på eigne illgjerningar? Det kan i så fall metoden brukt under intervjuet og samtidig historisk materiale seie noko om.

Det er likevel sjølvsagt at intervjuet og hendinga i Graz må gåast kjeldekritisk i saumane. Andresen, Rosland, Ryymin og Skålevåg deler noko av Grove og Heiret sitt syn på intervjuet. Men dei deler i tillegg munnlege kjelder opp i to hovudgrupper; 1) minne om eigne opplevingar og 2) tradisjonsstoff.¹² I motsetnad til Grove og Heiret meiner dei det første er både leivning og beretning. Og at det her i tillegg til vanleg kjeldekritikk, er fleire ting som forskaren må vere obs på: 1. Minnet kan vere skrøpeleg. Etter ei tid gløymer dei fleste detaljar og kan rote saman hendingar. 2. Intervjuet er retroprospektive og tida som har gått kan bevisst eller ubevisst ha ført til at forteljinga blir tilpassa kva som er akseptabelt i samtida (her er dei på line med Grove og Heiret), og 3. Måten intervjuet er organisert på.

¹⁰ Lyddopptak av intervju med Ivar Skarlo mai 2009 (også attgjeve i Brugrand 2010: 228-239)

¹¹ Grove/Heiret 2020: 128

¹² Andresen, Rosland, Ryymin, Skålevåg 2019: 83

Opplysningane om den dødsdømde mannen i Graz kom fram under ei rekkje intervju i 2009 og 2010, samt oppfølging på telefon og via e-post i tida etter. Intervjua vart gjennomført som ein samtale, stort sett kronologisk gjennom livsløpet til Skarlo og kan reknast som kvalitative; dei var opne og det vart teke omsyn til moment som kom opp.¹³ Intervjua vart gjort i Tallinn, på eit nøytralt hotellrom, to mot to, eldre mann mot ung mann. Intervjuar hadde brei kunnskap om tysk side av krigen. Tallinn i Estland vart valt som stad fordi dette var ein by Skarlo kunne kjenne seg att i i samanheng med intervjua; han var i Estland under krigen.¹⁴ Intervjua vart skrivne ned. Mange av dei vart det gjort lydopptak av. Det er desse lydopptaka og notatane eg gjorde under intervjua, som er kjeldene mine i dag. Intervjua blir brukt i ei anna samanheng enn det var meint for den gongen.

Som utdanna journalist nytta eg meg den gongen av intervjuteknikk lært under journalistutdanninga. Til dømes nytta eg enkle og opne spørsmål så ofte som mogleg og unngjekk til dømes lukka spørsmål, overlessa spørsmål eller spørsmål med slagside. Enkelt forklart er opne spørsmål spørsmål som framtingar eit meir utfyllande svar, og som det er vanskeleg å unngå med berre å svare «ja» eller «nei». Eg unngjekk overlessa spørsmål eller spørsmål med dobbelt løp. Stiller du til dømes spørsmålet «kor lenge var du ved frontavsnittet, og kva opplevde du der», får du ofte berre svar på spørsmålet i siste ledd og mister informasjonen du kunne fått i første. Spør du enkelt, spør du ikkje langt eller dobbelt. Tenkjer du over korleis du spør, kan svara få meir djupne og innhald.¹⁵

I historiefaget er det eit omstridd tema kor aktiv ein skal vere eller ikkje vere under intervju. Til dømes blir det argumentert for at å ta ei aktiv rolle under intervjuet kan farge eller styre informanten. Og at diskuterande eller konfronterande intervjuteknikk kan bryta opp og jamvel spora av ei fortelling som kunne hatt stor utsegnskraft. Unntaket kan vere informantar som er van med å bli intervjuet. Då kan det vere lurt å setje seg godt inn i temaet og utfordre om det vert nødvendig. Ei løysing kan vere å la informanten få fortelja historia fritt først, og så gå attende til dialog og diskusjon om heile eller deler av historia.¹⁶

¹³ Grove/Heiret 2020: 123

¹⁴ Grove/Heiret 2020: 137

¹⁵ Lamark 2002: 49-98

¹⁶ Grove/Heiret 2020: 138

I intervjuet hende det at eg tok aktiv del når det dukka opp ting eg ikkje forstod eller om det kom fram noko som ikkje stemde med det eg elles visste. Såleis vart eg aktiv då Skarlo omtala den dødsdømde mannen i Graz, for her kunne opplysningane potensielt avsløre norsk deltaking i Holocaust. I historiefagleg samanheng må det difor vere eit kjeldekritisk punkt at min aktive inngripen i deler av intervjuet kan ha endra eller farga det som informanten valde å fortelje. Det vart gjort lydopptak, så det vil vere mogleg for andre å lytte til samtalen og danne seg eit bilde av om Skarlo vart påverka eller ikkje.

Elles fekk informanten i stor grad fortelje fritt. Innsamlinga av informasjon frå Skarlo kan difor sjåast på som ein kvalitativt og humanistisk orientert framgangsmåte fordi samtalen gjekk rundt eit bestemt tema der informanten i stor grad fekk styre kva det vart snakka om.¹⁷

Skarlo hadde ein oppsiktsvekkjande god hukommelse. Likevel kan feilerindring og gløymsele spele ei rolle. Informanten var 83 og 84 år gamal under intervjuet, og hendingane låg 64 og 65 år tilbake i tid. Grove og Heiret meiner at i det menneskelege minnet kan så vel hendingar som vurderingar verta gløymde, stengd ute, eller dei kan ha endra seg eller vorte lagde til. Samstundes er den muntlege kjelda i dette tilfelle lenger unna hendinga som blir omtala, enn samtidige skriftlege kjelder vil vere - om dei fins.¹⁸

Ifølge ekspert på munnleg historie, britiske Paul Thomson, er det likevel ikkje nokon enkel samanheng mellom tidsavstand og gløymsele. Mange kan gløyme kva som skjedde i går, men hugse svært godt eit langtidsminne.¹⁹ Slik oppfatta eg også Skarlo. Hendingane under krigen stod sterkare i minnet og han hadde ein sterk detaljrikdom i beretninga si. Noko av grunnen var at han gjennom heile livet hadde ein bestekompis, Trygve Rønning, som også var frontkjemparar og som hadde vore ilag med Skarlo under deler av felttenesta. Slik vart tema om krigen halde i live under tallause samtalar gjennom livet. Også Rønning var kjend for eit svært godt minne – og formidlar av minne – frå opplevingane under krigen.

Eit anna viktig kjeldekritisk punkt er at Ivar og eg som intervjuar vart kompisar. Eg hadde kjent han ei stund før me starta intervjuet, og under arbeidet med boka reiste me på tur saman til slagmarkene i Europa. Å komme intervjuobjektet for nært kan vere eit heilagbrot om ein

¹⁷ Grove/Heiret 2020: 123

¹⁸ Grove/Heiret 2020: 126

¹⁹ Andresen, Rosland, Ryymen, Skålevåg 2019: 83

vil nærme seg stoffet nøytralt og profesjonelt. På ei anna side var eg som journalist med bakgrunn frå dei største avisene i Norge, samt utanriksarbeid, van til slike situasjonar. Viktige kjelder i nasjonal og internasjonal journalistikk er ofte personar som ein har opparbeidd ein relasjon og tillit til over tid. Likevel; kan viktige opplysningar blitt uteletne, bevisst eller ubevisst, på grunn av kameratskapet?

Eit anna viktig kjeldekritisk punkt er at samtlege opplysningar Skarlo vidareformidla om den dødsdømde mannen i Graz, var rykte han hørde i leiren. Skarlo korkje snakka med mannen eller såg - på grunn av avstanden og at det var mørkt - at det var akkurat han som gjekk til rettarstaden den natta. Alle opplysningane kom via andre. På ei anna side var opplysningane svært detaljerte. Men ved å prøve det Skarlo fortalde mot tilgjengeleg skriftlege materiale kan det finnast eit svar.

Eg har også nytta ei anna munnleg kjelde. Gjennomgangen av kjeldene i denne oppgåva vil vise at Phillipsen kan ha gjort seg skuldig i angiveri av nordmenn i 1940. Eg fann eldstedottera til den eine det gjaldt. Eg jobba som gravejournalist og var med i gravegruppa til NRK på Marienlyst før eg slutta som journalist i 2019. Èin metode journalistar nyttar i vår digitale samtid, er å grave i opne, offentlege og lovlege kjelder på internett. Metoden denne gong var enkel: Eit søk i Geni, slektsprogrammet, fann samme namna som kjeldene fortalde om. Ei venleg Facebook-melding til ein av etterkommarane følgde. Vedkommande kobla meg med eldstedottera, som var villig til å fortelje, og som forhørde seg med eldre familiemedlemmer før ho gav meg intervju nummer to. Førespurnaden kom uventa på ho, og frå eit kjeldekritisk standpunkt må ein anta at ikkje alle opplysningar nødvendigvis stemmer 100 prosent. Kjerna i fortellinga var uansett der: faren og farfaren vart blitt angitt, arrestert og utsett for tortur under krigen.²⁰

Skriftleg kjelde og kjeldekritikk

Ei anna hovudkjelde i denne oppgåva er skriftleg. I hovudsak dreiar det seg om innhaldet i Phillipsen si mappe i landssvikarkivet i det norske riksarkivet. Det dreiar seg også om informasjonen frå materiale som Martin Q. Magnussen har funne i det danske riksarkivet.

²⁰ To telefonsamtalar med Heidi Klepsvik Kråkenes 19. april 2021

Landssvikmappa inneheld ulike politiavhøyr, politimelding, ein jobbsøknad forfatta av Phillipsen sjølv og diverse politidokument knytta til etterforskinga etter krigen.²¹

Dette er samtidige kjelder. Med unnatak av eit dokument (søknaden) er alle datert frå 1945 og eit par år ut. Dei kan gje førstehandskunnskap om kva som skjedde, like etter at det skjedde, gjerne fortalt av dei det skjedde med. Generelt er samtidige kjeldemateriale meir verdifulle enn materiale skapt om den samme hendinga lang tid etterpå. Slike dokument kan gje både direkte og indirekte svar og leietrådar. Mykje av innhaldet i mappa kan reknast som førstehandsberetningar.²²

Materialet frå det danske rigsarkivet er ei avskrift av kva Magnussen fann der. Avskrifta er gjort av han. Magnussen hevdar at reglar ved arkivet gjer at han ikkje får ta kopiar. Det er viktig å understreke at Magnussen ikkje har forklart kva den skriftlege kjelda er. Covid-situasjonen har gjort at det ikkje har vore mogleg for meg å reise til Danmark. Riksarkivet i Danmark har i tillegg vore stengt under pandemien. Dette, og manglande referanse til kjelda, har gjort egne søk sær s vanskeleg.²³

Av det skriftlege materialet eg har tilgjengeleg og difor kan vurdere, sjølv om det er samtidige kjelder og sjølv om det er politi- eller rettsdokument, så er det ikkje beint fram. Kjeldene må vurderast med ulik kjeldekritisk tilnærming. Til dømes er det viktig å vurdere opphavssituasjonen. Kven skriv, til kven og kvifor, og på kva bakgrunn?

Til dømes er politimeldinga som ligg i landssviksaka skapt av ein fornærma, ein som har noko uoppgjort med Phillipsen. Dei ulike politiavhøyra i mappa er gjort på politikammeret i ein til viss grad alvorsprega og offisiell situasjon. Dei som gav forklaring har vorte informert om konsekvensane av falskt vitnemål. Likevel kan viktige opplysningar vore utelatne, ved til dømes at dei som vart avhøyrte ikkje vart spurt om eit tema.

Kona Borghild Styve gjekk etter krigen til dømes til retten for å skilje seg frå Phillipsen. Under rettsaka avviker forklaringa om då ein norsk mann i tysk uniform overleverte ei helsing til ho frå ektemannen. I politiavhøyret i 1945 fortalde ho berre om hendinga. I rettssaka i 1947

²¹ GBP: L-sak Phillipsen. Heile mappa er kopiert frå Riksarkivet

²² Andresen, Rosland, Ryymmin, Skålevåg 2019: 72

²³ Magnussen er blitt purra fleire gonger. Eg har ikkje fått svar innan innleveringsfristen for denne oppgåva. For ordens skuld: Det er ingen grunn til å tvile på at Magnussen refererer opplysningane korrekt.

la ho til at mannen i tysk uniform også fekk beskjed om at ho ikkje ønska meir kontakt med ektemannen. Truleg var det fordelaktig å legge til dette i ei rettsak der ho bad om skilsmisse.

Det er viktig å nemne at det skriftlege kjeldematerialet i denne oppgåva er svært einseitig. Det er lite som belyser Phillipsen sin versjon av hendingane. Den einaste skriftlege kjelda som Phillipsen sjølv har skapt, er ein jobbsøknad til politistaben i Oslo i november 1940. Der må me legge til grunn at han attgjev den beste versjonen av seg sjølv. I kjelda fortel Phillipsen om utdanninga si og om tidlegare jobbar. Han kjem inn på eigenskapar ved seg sjølv som han meiner er viktig for jobben. Og med søknaden følger attestar frå tidlegare arbeidsgjevarar og frå den militære innsatsen i 1940.

Det spesielle i denne saka er at eg må vere på vakt mot forfalskingar. Som kjeldene viser, verkar Phillipsen på denne tida i livet, og samstundes som han skriv søknaden, å gjere seg skuldig i ei rekkje dokumentfalsk. Mønsteret i sakene slik dei tilgjengelege skriftlege kjeldene fortel, gjer at eg kritisk må vurdere attestane han legg ved frå Forsvaret. Attestane fortel om innsats som offiserer under felttoget både i Sør-Norge og i Nord-Norge, mellom anna ved Narvik. Men historikar Michael Stokke ved Narviksenteret fortel at dei til no, og innan fristen for innlevering av denne oppgåva, ikkje har klart å finne namnet hans mellom dei norske soldatane og offiserane som deltok i fjella kring Narvik i 1940.²⁴

Under arbeidet har eg også hatt tilgang til Geir Brenden sitt private arkiv. Dette må nemnast sidan arkivet ligg utanfor den ålment tilgjengelege arkivsektoren. Brenden har truleg landet største bildearkiv av nordmenn i tysk teneste under andre verdskrigen. Han har også ein monaleg mengde av det eg vil kalle personleg informasjon om svært mange frontkjemparar. Det er beretningar, dagbøker, nedskrivningar, lydopptak, autografar og personlege egedeler og militære effektar. Brenden er ein kompis av meg, ein entusiast og ein amatørhistorikar, men utan faghistorikarens tilnærming til arkiv. Ein del av Brendens arkiv er likevel supplementert og systematisert med materiale kopiert frå Riksarkivet.

Nordmenn i Waffen-SS

Waffen-SS var den militære delen av den tyske organisasjonen Schutzstaffel (SS). Den starta som ei lita paramilitær vaktgruppe på 1930-talet og vart i løpet av andre verdskrigen ein

²⁴ E-postar frå Michael Stokke i mai 2021

elitearmè på om lag 950 000 mann under leiing av Reichführer-SS Heinrich Himmler. Styrken bestod av frivillige soldatar frå ulike land i Europa. Waffen-SS må ikkje forvekslast med Wehrmacht, som var det ordinære tyske forsvaret.

Nyare forskning har nedjustert talet på nordmenn som verva seg til Waffen-SS til om lag 3 600 personar.²⁵ Dei som verva seg fekk nemninga «Frontkämpfer», ei heidersnemning brukt av det tyske keiserriket under første verdskrigen. Waffen-SS vart sett inn i hovudsak på austfronten, og deltok mest i regulære kamphandlingar. Internasjonal forskning har likevel vist at mannskap frå Waffen-SS var aktive i krigsforbrytelsar, ved på ulikt vis å ha bistått andre avdelingar i SS med massedrap, utrensingar og vakthald i konsentrasjonsleirar.²⁶

For Himmler sin del, var den overordna visjonen frå starten av at SS skulle vere ein raseelite der alle skulle vere av nordiskgermansk avstamming. Norge skulle til dømes transformerast til ein SS-stat. Nordmenn som vart verva til den militære delen av SS, Waffen-SS, skulle vere ein reidskap for dette.²⁷ For den jamne Waffen SS-frivillige var dette ikkje kjent kunnskap. Dei verva seg av ulike grunnar; alt frå propaganda mot bolsjevismen til reint eventyr.²⁸ Men dei som verva seg vart rekna som landssvikarar av norske styresmakter. Dei aller fleste som overlevde krigen, vart dømt i landsvikoppgjeret etterpå.

Dei norske frontkjemparane tenestegjorde i hovudsak i Divisjon Wiking i 1941 og var med på invasjonen av Sovjetunionen gjennom dagens Ukraina. Deretter i Den Norske Legion, som vart oppretta i 1941 og sett inn på Leningradfronten i 1942 og 1943. Vidare i Regiment Nordland som frå 1943 vart SS-Panzer Grenadier-Regiment 23 Norge, og i SS-Skijegerbataljon Norge som kom til Finland og dåverande finsk Karelen i 1943 og 1944.²⁹

Philipsen og livet før krigen

Francis Johan Phillipsen vart fødd inn i ein religiøs familie i Leikanger i dåverande Sogn og Fjordane 8. september 1897.³⁰ Faren var Johan Anton Phillipsen frå Vega, forstandar på Sogn

²⁵ Sæther, V. og Flovik Thoresen, K. 2021

²⁶ Emberland 2012: 20

²⁷ Emberland 2012

²⁸ Sæther 2010

²⁹ Sæther 2010

³⁰ Digitalarkivet (DA), Leikanger sokneprestembete, SAB/A-81001: Klokkarbok nr. A 1, 1873-1916, s. 35 (skanna), <https://www.digitalarkivet.no/kb20070115340239>.

barneheim, og mora var Ragna F. Nilsen frå Tønsberg. Seinare kom to systre, Edith (1898)³¹ og Elisabeth (1901),³² sistnemde om lag eitt år etter at familien var flytta til Kristiania fordi faren var tilbake som diakon og emissær på Diakonhjemmet.³³ I desember 1910 er familien oppført som busette i Bergen. Då var faren blitt klokkar i Domkyrkja.³⁴

Etter middelskuleeksamen vart Phillipsen i mai 1917 uteksaminert frå Bergen Handelsgymnasium sitt «2-aarige formiddagskursus» til ein karakter under middels; 2,53 (godt).³⁵ Etter eige utsagn tok han full fagkrets og stenografi, og seinare studerte han nasjonaløkonomi ved Universitetet i Oslo. Han tok også infanteriets befalskurs i 6 månadar på Bømoen-Tvildemoen på Voss.³⁶



Francis Johan Phillipsen som ung.
(Foto: Geir Brendens arkiv)

I mai 1921 kunngjorde han truloving med Borghild Bjørnsen frå Bergen.³⁷ Tre månadar seinare døydde mora av hjerneslag.³⁸ Faren gifta seg på nytt med Anna Hallsteinsdotter Kvarme frå Vinje i Vossestrand (dagens Voss) julaftan året etter.³⁹ Ho var 22 år yngre enn ektemannen og 10 år eldre enn Francis.

Sjølv med økonomiutdanning var ikkje Phillipsen berre oppteken av tal. Kjeldene viser også ei poetisk side. 25 år gamal gav han ut diktsamlinga *Dikte*.⁴⁰ Samme året engasjerar han seg i språkstriden med avisinnlegget «Domkirkeaffæren», der han plasserar seg på riksmålsfolket si side.⁴¹

³¹ (DA) Leikanger sokneprestembete, SAB/A-81001: Klokkarbobok nr. A 1, 1873-1916, s. 37 (skanna), <https://media.digitalarkivet.no/view/6910/80571/36>

³² (DA) Uranienborg prestekontor, SAO/F/Fa/L0005: Ministerialbok nr. 5, 1895-1907, s. 181 (skanna), <https://media.digitalarkivet.no/view/702/199>

³³ (DA) RA/S-2231/E: Folketelling 1900 for 0301 Kristiania kjøpstad (søkbar), www.digitalarkivet.no/census/person/pf01037045151626

³⁴ (DA) RA/S-2231/E/Ef: Folketelling 1910 for 1301 Bergen kjøpstad (søkbar), <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01036708054980>

³⁵ Arbeidet, 30. juni 1917, side 5

³⁶ GBP. Phillipsens landssviksak. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940.

³⁷ Bergens Tidende, 10. mai 1921, side 5

³⁸ (DA) SAB, Domkirken sokneprestembete, H/Haa/L0044: Ministerialbok nr. E 6, 1904-1946, s. 141b-142a (skanna), <https://media.digitalarkivet.no/view/43665/144>

³⁹ (DA) SAB, Domkirken sokneprestembete, H/Haa/L0039: Ministerialbok nr. D 6, 1921-1937, s. 20 (skanna), <https://media.digitalarkivet.no/view/273/25>

⁴⁰ Phillipsen 1923

⁴¹ Bergens Aftenblad 7. april 1923, side 2

I 1927 byrjar han som lærar ved privatskulen «Ant. Johannesen Handelsskule» i Bergen. Han underviser i handelsfag dei neste ni åra.⁴² Han startar også Nygaardsgaten A/S Tobak og Cigarforretning saman med fire andre.⁴³

Ut etter 1930-talet, då Phillipsen har nådd midten av 30-åra, viser kjeldene at livet tek nye retningar. Den første trulovinga er broten, for i 1932 kunngjer han ei ny, denne gong saman med Mary Mæhle.⁴⁴ Han sluttar som lærar og byrjar som revisor hjå AS Lavik og Søn i 1933, samstundes som han etter eige utsagn held private kurs i handelsfag og tek på seg private oppdrag som revisor. I 1936 er han å finne som bokhaldar i Thorsheim & Thorsheim, ein maler- og tapetserarforretning.⁴⁵

10. januar 1940 sluttar han etter eige ønske. For i aust rasar Vinterkrigen mellom Finland og Sovjetunionen og bokholdaren hentar fram befalsutdanninga si. Han vervar seg som frivillig sersjant i «Svenska Frivilligkåren» (SFK), som var ein militær eining av nordmenn, svensker og danskar som frivillig kjempa på finsk side. Etter eige utsagn deltok han i Intendenturkompaniet og i miltraljõeavdeling A i stridsgruppe 1, kompani 5.⁴⁶

11. april, to dagar etter angrepet på Norge vart han dimmitert frå SFK, og to dagar etter det meldte han seg som frivillig i forsvaret av Norge, i Frivilligkompani nr. 1.⁴⁷ Det som følger i vekene etterpå kan kvalifisere Francis Johan Phillipsen som norsk krigshelt:

Ifølge attestane som han legg ved ein jobbsøknad seinare det året, tenestegjer han som sersjant og troppsførar i kampane ved Skarneset, Sander, Kongsvinger, Odalen og Flisa og seinare i Østerdalen. Fleire hundre finlandsfrivillige (også utlendingar) melde seg til teneste her. Dette blir omtalt i boka *Krigen i Norge 1940: Operasjonene i Glåmadalføret, Trysil og Rendalen*.⁴⁸ Ifølge attestane var han med i forsvaret av Elverum og Rena, og han organiserte forsvarsstyrker på Tynset og Røros til han deltok i sluttkampane 25. april.

⁴² GBP. L-sak Phillipsen. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940.

⁴³ Norsk kunngjøresestidene nr. 87, fredag 13. april 1928

⁴⁴ Dagen (Bergen) 29. mars 1932, side 5

⁴⁵ GBP. L-sak Phillipsen. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940.

⁴⁶ GBP. L-sak Phillipsen. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940

⁴⁷ GBP. L-sak Phillipsen. Attest frå ob.ltn. Brock, Setermoen 10.06.40, lagt til jobbsøknad av 06.11.40

⁴⁸ Jensen 1953

Etter det reiste han ifølge dei same attestane nordover og deltok i kampane ved Narvik, på Kobberfjellet og på Kubergget, der dei norske styrkane nedkjempa dei tyske. Forfremma til fenrik deltok han i storminga av høgde 620 ved svenskegrensa, som vart halden til våpenkvila starta kl. 24.00 den. 9. juni 1940.⁴⁹ Dagen etter kapitulerte Norge.

Men Phillipsen er ikkje nemt i boka *Krigen i Norge 1940: Operasjonene i Glåmadalføret, Trysil og Rendalen*. Boka er basert på opplysningar frå offiserane og dei listar opp troppsbealet. Som nemt over har ikkje Narviksenteret funne han som deltakar i Narvik-fjella heller. Andre kjelder viser at Phillipsen dreiv med forfalsking på denne tida. På den andre sida veit me ikkje om forfattaren bak *Krigen i Norge 1940: Operasjonene i Glåmadalføret, Trysil og Rendalen* med vilje unnlot å ta med deltakarar som seinare meldte seg for tyskarane. Me kan heller ikkje vite kor komplette opplysningane om bealet i desse framstillingane er.

Så går det fleire månader før kjeldene igjen fortel noko om Phillipsen. Men då byrjar dei å vise dramatiske endringar i Phillipsen si framferd og val i livet.

Frå helt til landssvikar

Kjeldene skildrar ikkje korleis Phillipsen opplevde hendingane ved fronten i Finland og i Norge eller kva dei gjorde med han. Men etter å ha kjempa for eit fritt Norge om våren går han 6. november 1940 til det steget å søke på ein av dei ledige stillingane som administrasjonsoffiser/troppsjeff i det nye politikorpset.⁵⁰ Politiet i Norge var då underlagt Josef Terboven sitt «kommissarisk råd» og dermed lagt under tysk kontroll etter at Administrasjonsrådet vart avløyst 25. september 1940.⁵¹ I søknaden juksar Phillipsen med alderen; han oppgjev at han er 3 år yngre enn han er.

Ein månad seinare melder Phillipsen seg inn i Nasjonal Samling (NS) og får medlemsnummer 23780.⁵² Både søknaden og innmeldinga kjem på tidspunktet då NS mottok flest innmeldingar under heile krigen, etter talen til Josef Terboven i oktober som utløyste tanken om ei ny tid for mange.⁵³

⁴⁹ GBP. L-sak Phillipsen. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940

⁵⁰ GBP. L-sak Phillipsen. Jobbsøknad frå Phillipsen til Oslo-politiet 06.11.1940

⁵¹ Sæveraas 2017

⁵² GBP. L-sak Phillipsen. Erstatningsdirektoratets ED-kort (kartotek kort).

⁵³ Njølstad 2020

Det er også mogleg at Phillipsen har inngått ein eller annan form for samarbeid med det tyske sikkerheitspolitiet denne hausten. For rundt samme tida som han skriv søknaden og melder seg inn i NS, reiser han til øysamfunna Bakkasund og Kalve i dagens Austevoll kommune. Her gjer han seg truleg skuldig i to ting samstundes; svindel mot tyskarane og angiveri mot nordmenn.

For 3. juledag 1940 kjem tysk politi til øya og arresterar ein mengde folk. Mellom dei arresterte er Hans Olai Klepsvik og faren Hellemann Klepsvik. I ei politimelding som Hans Klepsvik sender Hordaland politikammer i juni 1945, hevdar han at det var Phillipsen som angav dei.⁵⁴

Klepsvik hevdar i politimeldinga at Phillipsen i månadsskiftet november/desember 1940 hadde kome ut på øya for å spionere. Og at han stjal fleire brev frå faren som han klipte bort teksten frå, mens han tok vare på namnetrekket. Deretter skal Phillipsen ha skrive nye brev med navnetrekket og levert dei til Sipo. Sidan Phillipsen ikkje hadde funne brev med Hans Olai sitt namnetrekk, hevda Klepsvik at Phillipsen produserte falske telegrammer. Brevane inneheld tekst med organisering av englandsturer og jamvel kvitteringar frå maskinistane som faren Hellemann skulle ha leigd inn, ifølge Klepsvik.

Overfor Sipo kunne familien Klepsvik bevise at breva var falske. Skriftprøvar prova at teksten ikkje var skriven med deira skrivemaskin. I staden hadde Phillipsen brukt si eiga. Klepsvik skriv i politimeldinga at «Phillipsen blev selv tatt av Gestapo» og at han hadde høyrte om ei liknande historie frå Voss. Også den meinte Klepsvik at Phillipsen stod bak. Klepsvik skriv at han reknar med at «anmeldte hadde god betaling av tyskerne for sitt angiveri».

I telefonsamtalar med undertteikna 19. april 2021 fortel eldstedottera til Hans Olai Klepsvik, Heidi Klepsvik Kråkenes, at faren og bestefaren vart ført til BA-huset i Bergen og torturert etter arrestasjonen. BA-huset er eit avishus i Bergen, men under krigen hadde tyskarane nokre fengselsceller der.⁵⁵ Onkelen Arne var for ung og blei sendt heim att, mens faren Hans Olai og bestefaren Hellemann vart utsett for «skambank». Heidi Klepsvik Kråkenes fortel at bestefar vart aldri den samme igjen.

⁵⁴ GBP. L-sak Phillipsen. Politimelding frå Hans Klepsvik til Hordaland politikammer 26.06.1945

⁵⁵ Johansen, T. D. 2021

Ho meiner at lokale folk på øya hadde angitt familien til tyskarane, og at det var grunnen til at tyskarane sende nokon dit for å spionere. «Bestefar og far eigde fiskebåtar. Onkelen min seier at bestefar sikkert hjalp til med å få unna flyktningar. Då hjelte nok far til, for han var eldst. Men slikt snakka dei aldri om», fortel Klepsvik Kråkenes.

Til dømes var søstera til Hans Olai Klepsvik gift med Johannes R. Kalve (1919-2005). Kalve vart seinare eit sentralt medlem av Shetlandsgjengen og er i dag ein av Norges mest dekorerte krigsdeltakarar. 7. juni 2013 avduka dåverande forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen eit minnesmerke over han på heimøya hans.⁵⁶

Opplysningane ovanfor kjem fram i politimeldinga frå Klepsvik, datert 26. juni 1945, fire og eit halvt år etter hendinga. Eg har ikkje funne materiale som kan prove eller utfordre det Klepsvik hevdar. Politimeldinga må sjåast på med kritiske auge, for dei er påstandar frå èin fornærma part og kan vere farga eller overdrivne. Det har heller ikkje lukkast meg å finne politi- eller domspapir om saka i Statsarkivet i Bergen. Statsarkivar Ynge Nedrebø fortel at tyskarane var dyktige med arkiv og at eventuelle dokument om omtalar ein dom mot Phillipsen difor kan blitt sendt til Tyskland ved årsslutt.

Likevel kan det provast at Phillipsen vart arrestert i Bergen nyttårsaftan 1940, fire dagar etter at Klepsvik vart arrestert. Her sat Phillipsen fengsla til 8. februar. Då vart han overført til Ulven i Os.⁵⁷ Dette var ein norsk militærleir som Wehrmacht hadde teke over i 1940 og der det tyske sikkerheitspolitiet «Sipo» tok i bruk tre eldre brakker innerst i leiren til fangeleir. Brakkene vart kalla Block 1, 2 og 3.⁵⁸ Phillipsen fekk fangenummer 236. Han sat som fange på Ulven til 6. mars 1942. Då vart han overført til Bergen igjen og sleppt fri.⁵⁹

På dette tidspunktet må også den andre trulovinga til Phillipsen, den med Mary Mæhle, ha blitt broten. For i 1941, medan han var fange på Ulven, møtte han Borghild Styve. Styve jobba som oversøster på «Grønnestølen sjukehus», som var Minde skule før krigen (Grønnestølen på folkemunne). I 1940 rekvirert okkupasjonsmakta bygget som lasarett for

⁵⁶ (Sjøfartsfilm, 2013, 0:04)

⁵⁷ Francis Phillipsen u.å. (i *Fanger.no*)

⁵⁸ Stokke 2011: 30

⁵⁹ Francis Phillipsen u.å. (i *Fanger.no*)

tyske soldatar. I lærarbustaden her vart det gjort i stand ein avdeling på fem senger for pasientar frå Ulven fangeleir.⁶⁰

Borghild Styve var oversøster ved sjølve lasarettet og hadde forbod mot å vise seg i fangeavdelinga. Men tidleg på natta kunne ho likevel kome inn til fangane. Ho la på nye bandasjar, smugla inn medisiner og salve som var blitt nekta pasientane, og formidla nytt frå familie og slekt utanfrå. Dette motstandsarbeidet vart gjort med hjelp av to tyske sjukepassarar, og var eit farleg opplegg.⁶¹ Dei fleste fangane her sat fengsla for motstandsarbeid. Det er uvisst om Borghild Styve kjende til kva Phillipsen sat fengsla for.

Det er sannsynleg at Phillipsen på eit tidspunkt som fange ved Ulven var blitt sjuk og overført til denne avdelinga. Her møter han Styve og det oppstår søt musikk.⁶² Det er også slik at Phillipsen mister far sin medan han er Ulven-fange. Faren døyr i oktober 1941.⁶³

Straks etter at Phillipsen blir sleppt fri frå Ulven 6. mars 1942 giftar han og Borghild Styve seg. Det skjer i Domkyrkja i Bergen berre åtte dagar etter. Dei må søkje om løyve sidan dei ikkje forskriftsmessig hadde lyst giftarmålet.⁶⁴ Etter bryllupet budde ekteparet ei stund på Bristol hotell og ifølge stemora Anna var Phillipsen heime berre «av og til».

Til stemora hadde Phillipsen kome heim etter fangeopphaldet på Ulven og fortalt at han var «fri», men at han «muligens måtte inn igjen». Seinare fortalde han at han måtte «til Grini». Han hadde kome med bortforklaringar då stemora stilte spørsmål om korleis dette hang saman.⁶⁵

Til den nye kona Borghild viste han eit brev som han hadde fått i posten. Dette var skriva på tysk og bad han møte i Drammensveien i Oslo. I politiavhøyr etter krigen fortalde Styve at ho også hadde inntrykk av at innkallinga til Oslo «gjaldt den samme sak som (...) hadde sittet for før».⁶⁶

⁶⁰ Magnusson 1967: 93-94

⁶¹ Magnusson 1967: 93-94

⁶² GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945

⁶³ Dagen (Bergen) 25. oktober 1941

⁶⁴ (DA) SAB, Domkirken sokneprestembete, H/Haa: Ministerialbok nr. D 7, 1937-1950, s. 88b-89a (skanna), <https://media.digitalarkivet.no/view/43662/95>

⁶⁵ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av stemora Anna Phillipsen 1.9.1945

⁶⁶ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945

Uansett, 26. april 1942, berre 12 dagar etter bryllupet, reiste Phillipsen til Oslo. Kjeldene vil fortelje at det er siste gong den nygifte kona og familien ser han.⁶⁷

Til Leningrad-fronten

Borghild Styve fortalde i eit politiavhøyr i september 1945 at ektemannen skulle møte på ei adresse i Drammensveien. Ho gav ikkje inntrykk av at ho visste kva adressa var og ho oppgav ikkje gatenummer. Men temmeleg sikkert var det Drammensveien 99. Under krigen låg «Germanische Leitstelle in Norwegen» her, Waffen-SS sitt vervekontor i Norge.⁶⁸

Kjeldene viser at Phillipsen reiste til Oslo for å verve seg til tysk frontteneste.



Dette var adressa Francis Johan Phillipsen vart innkalla til. Bygningen er i dag Aschehoug sin representasjonsbustad, kjend for hagefestane. (Foto: Stig Rune Pedersen)

⁶⁷ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 23.8.1945

⁶⁸ «Germanische Leitstelle in Norwegen», 2019

Familien og den nye kona ser ut til å vite ingenting om denne utviklinga. Utetter våren kjem det likevel indikasjonar. Søstera Edith, som bur i Oslo, får tilsendt ein koffert med kledda hans i, utan at nokon forklaring følger med. Stemora Anna får tilsendt brosjyrer frå vervekontoret i Drammensveien saman med ei adresse der ho kan sende brev til Phillipsen.⁶⁹

For kona Borghild kjem det i tillegg fleire andre indikasjonar om at ting kanskje ikkje er heilt som ho var blitt fortalt. Ei tid etter at Phillipsen var reist, fekk ho eit krav på 1500 kroner frå ein person som Phillipsen på ulovleg vis hadde tileigna seg frå ein medfange medan han sat på Ulven.⁷⁰

Samstundes vart det «udi våren 1942» via Røde Kors bragt på det reine at ektemannen hadde meldt seg til Den Norske Legion.⁷¹ Ho fekk melding om at det var kome pengar inn på ein konto, ei slags familiegodtgjering for legionærar. Og ho fekk tilsendt eit kort der Phillipsen fortalde at han hadde skriveforbod, men at han på «denne måten sendte en hilsen».

Den Norske Legion, eller SS-Freiwilligen-Legion Norwegen, vart oppretta etter initiativ av Vidkun Quisling og Josef Terboven etter Nazi-Tysklands angrep på Sovjetunionen i juni 1941. For Quisling var ambisjonen at legionen skulle bli grunnstamma i ein reetablert norsk hær som skulle attvinne Norges våpenære etter invasjonen våren 1940.⁷² Meininga var at soldatane skulle setjast inn i Finland, men dei kom under tysk kommando og vart sendt til Krasjnoje Selo utanfor Leningrad. Slik deltok dei i beleiringa av byen, som kan ha kosta om lag ein million menneske livet.

For Phillipsen kan våren 1942 ha blitt brukt til å førebu seg til fronteneste. Sannsynlegvis tilbringer han litt av tida i Holmestrand, der legionen hadde rekruttskule og førebudde seg. Men tilknytninga til NS var over. Mens han ventar på å reise ut i krig i framand uniform, melder Phillipsen seg ut av Nasjonal Samling. 5. mai 1942 er han ikkje lenger medlem av Quislings parti.⁷³

⁶⁹ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av stemora Anna Phillipsen 01.09.1945

⁷⁰ Statsarkivet i Bergen (SAB), A-3401/02: Bergen byrett, sak A nr. 240/1946, skilsmisssak 28.5.1947, forklaringa til Borghild Styve

⁷¹ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945

⁷² (Emberland, 2015, 56:50)

⁷³ GBP. L-sak Phillipsen. Erstatningsdirektoratets ED-kort (kartotek kort)

Ifølge amatørhistorikar Geir Brenden var det fleire nordmenn som var dømt for eit eller anna forhold, som verva seg til tysk krigsteneste for å sleppe unna eller få redusert fengselsstraff. Eg har ikkje funne noko i kjeldene som tyder at Phillipsen verva seg av ein slik grunn. Han sat fengsla i meir enn 14 månadar før han vart sleppt fri. Det kan likevel ikkje utelukkast. For både stemora og kona forklarte i avhør etter krigen at Phillipsen både sa, og at dei fekk inntrykk av, at han skulle til Oslo i samband med det han alt hadde sete inne for på Ulven.⁷⁴

Neste gong Phillipsen dukkar opp i kjeldene er han komen til Riga. Den Norske Legion var blitt flydd over til Baltikum i løpet av januar/februar 1942 og var på plass ved Leningradfronten 18. februar. Phillipsen kom med eit seinare kull. Måndag 22. juni er han å finne på Hotell Tempo i den latviske hovudstaden. Der har åtte legionærar og fem frontsøstre gått saman om å skrive ei helsing til Vidkun Quisling. Phillipsen signerer brevet som lovar føraren å «gjøre vår innsats for derved å hjelpe dem i deres store frihetsverk for Norge».⁷⁵

Brevet er skriva på Felix Hartmann sitt brevpapir med logo i øvre venstre hjørne. Forretningsmannen frå Oslo med tyske foreldre og ei fortid i første verdskrigen verva seg og vart offiser i Waffen-SS tidleg i krigen.⁷⁶ Ved Leningrad vart han sjef for legionens sin Ersatzabteilung (erstatningsmannskap). Seinare vart Hartmann sendt til Minsk i Kviterussland, der han skal ha blitt involvert i planlegginga av ein norsk kolonisering i landet. Ifølge Emberland og Koht ved HL-senteret er det mogleg at Hartmann i periodar var involvert i «bandebekjempelse» - som var det samme som massedrap på sivilbefolkninga.⁷⁷

Phillipsen vart underlagt Hartmann ved Leningrad. Det finst ikkje noko bokverk som omtalar norske Waffen SS-soldatar sin fulle historie på Leningradfronten. Det nærmaste er Sven T. Arneberg si bok «*Legionærene – Nordmenn i skyttergravskrig ved Leningrad 1942-43*» (2004) som fokuserer på at nordmenn slost saman med finnar og tyskarar mot det kommunistiske Sovjetsamveldet. Samt at Leningrad blir omtalt i ulike frontkjemparbøker, eit døme er Rolf Collin Nielsen si «*Ordnonnans på Leningradfronten og livet etterpå*» (2017).

⁷⁴ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sine avhør av Borghild Styve 5.9.1945 og Anna Phillipsen 1.9. 1945

⁷⁵ GBP. L-sak Phillipsen. Brev til Vidkun Quisling datert 22.06.1942

⁷⁶ GBP. L-sak Felix Hartmann. Nekrolog i Folk og Land, 06.04.1974

⁷⁷ Koht/Emberland 2012

Phillipsen var 44,5 år og ikkje soldat framme ved fronten. Han gjorde nytte av stenografiutdanninga si og arbeidde i staben bak fronten. I eit brev som legionskollega Georg Bøe skreiv til Norsk Institutt for Okkupasjonshistorie mange år etter krigen, fortel Bøe at Phillipsen var skrivar for Hartmann⁷⁸. Bøe tenestegjorde også som skrivar på skrivestova i kompaniet han og Phillipsen tilhørde. Bøe fortel at Phillipsen fekk i oppdrag av Hartmann å skrive det som vart kalla *Feldrekruten Depot's krigsdagbok*. Denne dagboka er i dag i ei privat samling.⁷⁹ Eit utdrag finst i landssvikmappa til Felix Hartmann.⁸⁰



Bildet over viser Francis Johan Phillipsen (stående til venstre) i uniformen til Den Norske Legion med graden Unterscharführer. Ved skrivebordet sit dåverande Hauptsturmführer Felix Hartmann. Soldaten til høgre er Georg Bøe. Soldaten i midten ukjent.⁸¹ Truleg er bildet er frå

⁷⁸ GBP. Brev frå Georg Bøe til Institutt for norsk okkupasjonshistorie (udatert)

⁷⁹ Telefonsamtale med Geir Brenden april 2021

⁸⁰ GBP. L-sak Felix Hartmann. Utdrag av Feldrekruten Depot's krigsdagbok

⁸¹ GBP. L-sak Felix Hartmann. Bildemateriale. Personane er identifisert av Geir Brenden

skrivestova til Feldrekruten Depot, truleg ved Duderhof Vest (Duderhof-høgden) bak Leningrad-fronten.⁸²

Reiser frå Leningrad-fronten

Etter dette forsvinn Phillipsen gradvis frå dei skriftlege kjeldene som har vore tilgjengeleg for meg. Den Norske Legion vart trekt ut og sendt tilbake til Norge via Tyskland i mars/april 1943, og dimittert i Oslo i mai. Men det finst ein sekundærkjelde, ei oppstilling som frontkjemparane Knut Baardseth og Ole Kristian Brunæs gjorde etter krigen med å samle opplysningar frå alle moglege slags kjelder, som fortel at Phillipsen vart verande att på lasarett i Mitau, dagens Jelgava i Latvia, i august det året.⁸³

Det vesle dei skriftlege kjeldene fortel om Phillipsen etter dette, er nye indikasjonar som familien mottok i Bergen. Ein eller annan gong etter dimmiteringa får nemlig både stemora og kona besøk av ein nordmann i tysk uniform. Mannen overbringer ei helsing frå Phillipsen og fortel at han oppheld seg i «Syd-Tyskland».⁸⁴

Men fleire ting i kjeldene tyder på at livet er byrje å floke seg ytterlegare til for Phillipsen.

I løpet av tida som kjem får kona Borghild nok eit besøk. Frå før hadde ho fått eit krav på 1500 kroner frå ein tidlegare fange frå Ulven. Denne gongen hevdar ein norsk mann i tysk uniform som seier han kjem frå Sør-Tyskland, at Phillipsen skulda han 6000 kroner, ein stor sum på den tida. No krov han pengane frå Borghild, som svarte at han heller måtte gå til politiet.⁸⁵

Og tre gonger det siste året av krigen vart Borghild Styve kalla inn til avhøyr hjå tysk sikkerheitspoliti. Siste gongen var i mars 1945. Då fekk ho beskjed om at ektemannen hadde anmeldt ho. Då ho spurte kva det gjaldt, fekk ho ikkje svar. Styve fekk også vite at ektemannen var stilt for krigsrett.⁸⁶

Og det er her at me kan hoppe fram til dei første månadane av 1945 for å finne ut «Kva skjedde med Francis Johan Phillipsen». Og til kva frontkjempar Ivar Skarlo fortalte under intervjuet til «16 år og Hitlers soldat». Opplysningane han gav som informant utfyller innhaldet

⁸² GBP. L-sak Felix Hartmann. Utdrag frå Feldrekruten Depots krigsdagbok

⁸³ KFTP. Liste utarbeida av frontkjemparane Knut Baardseth og Ole Kristian Brunæs

⁸⁴ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sine avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945 og Anna Phillipsen 20.8.1945

⁸⁵ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945

⁸⁶ GBP. L-sak Phillipsen. Politiet i Bergen sitt avhøyr av Borghild Styve 5.9.1945

i opplevingane kona og familien opplever. Eit klassisk døme på at munnlege og skriftlege kjelder utfyller kvarandre.

For etter nesten tre år i tysk krigsteneste og etter svært sterke opplevingar på fronten, hadde Ivar Skarlo blitt invalid. Han hadde vore med på heile den lange tyske tilbaketrekninga; han hadde slost for livet i Kaukasus, på veg mot Stalingrad, i Kroatia og ved Oranienbaum mellom Leningrad og Narva. Berre 18 år gamal vart venstreamen sprengt vekk av ein bombekastargranat i «kyrkjegårdsslaget» om Siivertsi nord om Narva i Estland tidleg i 1944. Likevel var Ivar framleis i teneste, no i SS-kaserne Wetzeldorf i Austerrike. Der var han sett til å utdanne rekruttar, mellom anna i bruk av kart og kompass.⁸⁷

Men fronten hadde stadig komme nærmare og Skarlo hadde meldt seg frivillig ut i felt igjen saman med Kampfgruppe Schweitzer. Det enda i katastrofe der nær heile kompaniet, stort sett tenårings, vart utrydda aust for Reichnitz. Ivar slapp unna med naud og neppe og gjekk gjennom ein mangedagars og dramatisk flukt tilbake til SS-Kaserne Wetzeldorf i Graz. Der hadde situasjonen i leiren hadde endra seg. Allerede den første dagen la Skarlo merke til nokre runde formasjonar borte på sportsplassen. Allierte bombefly hadde ved juletider etterlatt seg store krater på plassen. No var pålar banka ned rundt kratera og det var hengt opp knappeteltsdukar mellom pålane. Rundt var det vakhold, mellom anna var eit par danske frontkjempararar sett til å halde vakt.⁸⁸

Ein voldsom stank slo imot Skarlo kvar gong han var i nærleiken. Rykta mellom soldatane i leiren sa at ein dag hadde ei gruppe menneske komme dit og blitt plassert i ein av kjellarane, før dei vart tekne ut på sportsplassen og skotne. Skarlo sa i intervju at gruppa var ungarske jødar frå Budapest.⁸⁹ I ettertid er det uvisst om han visste at det var jødar då han var der, eller om dette var noko han vart klar over etter ei vitjing i leiren på 1990-talet.

Det er i denne leiren at Ivar Skarlo via materialforvaltaren i sportsbua fekk høyre om den mørkhåra mannen, «liten av vekst, bebrilla og godt over 30 år». Skarlo snakka aldri med han. Men materialforvaltaren fortalde at mannen var norsk, frå Bergen, og at han hadde jobba med bokholderi i leiren Tobelbad vest for Graz. I intervju med meg la Ivar til ytterlegare ein opplysning som ikkje er attgjeve i boka men som blir viktig i denne oppgåva: at mannen

⁸⁷ Lydopptak av intervju med Ivar Skarlo mai 2009 (også attgjeve i Brugrand 2010: 214)

⁸⁸ Lydopptak av intervju med Ivar Skarlo mai 2009 (også attgjeve i Brugrand 2010: 214)

⁸⁹ Lydopptak av Intervju med Ivar Skarlo mai 2009 (også attgjeve i Brugrand 2010: 214)

hadde jobba på ein handelskule i Bergen før krigen. Dessutan finn me i kjeldene at kona Borghild fekk besøk av ein person som fortalde at ektemannen var i «Syd-Tyskland». Under intervjuet hugsar ikkje Ivar Skarlo berre utsjånaden til mannen, ein utsjånad som kan stemme med Phillipsen på bildet over. Men også at mannen hadde eit etternamn som slutta på -sen.

Svara kan finnast i utanlandske arkiv som Bundesarchiv i Tyskland, NARA i USA og Rigsarkivet i Danmark. Men koronapandemien har gjort at arkiva har vore stengt eller hatt redusert drift. Tidlegare søk etter dom mot Phillipsen i Bundesarchiv gav ikkje resultat.⁹⁰

Eg må difor sette mi lit til arbeidet til tidlegare politietterforskar Martin Q. Magnussen i Danmark, som forskar på danske frontkjempingar og som har sin eigen TV-serie om dei. Han fortel i ein e-post at han har funne ei kjelde som omtalar Phillipsen som dømt til døden og som medhjelpar til å fjerne lika frå bombekratera i Graz Wetzeldorf – nett slik Ivar Skarlo fortalde. Magnussen skriv i e-posten:

Umiddelbart kan man med stor sandsynlig sige, at Phillipsen var med til at opgrave ligene fra kasernen og flytte dem til en nærliggende massegrav. Det fortæller en dansk SS frivillig ved navn Viggo Lindbaum, som var leder af fangeafdelingen på kasernen. Han var dog ikke klar over, om Phillipsen blev skudt, men han var sikker på at han var dømt til døden! Så Phillipsen er med 99,9 % sikkerhed den person der er beskrevet i din bog.⁹¹

Diverre har ikkje Magnussen oppgitt detaljar om kjelda. Men opplysningane skal altså stamme frå sjølvaste fangeleiarer i militærleiren, ein mann som må ha hatt direkte kjennskap til og kontroll over Phillipsen. Magnussen hevdar at reglar hjå det danske riksarkivet gjer det vanskeleg å få ut kopi av materialet. Han hevdar han må skrive notater. I ny e-post av 6. april fortel han at han har skrive opplysningane ned på pc, og at fangesjef Lindbaum forklarte følgande om kva han gjorde. Det kan verke som også Lindbaum har vore ute av leiren ei tid:

Men da han vente tilbage til kasernen, og så hvad der var sket, havde han beordret ligene opgravet og kørt til kasernes skydebane i udkanten af Graz, hvor alle ligene blev kastet i en massegrav. Til denne beskidte opgave blev der udkommanderet otte

⁹⁰ Telefonsamtale med Geir Brenden april 2021

⁹¹ E-post frå Martin Q. Magnussen 9. februar 2021

politiske fanger fra det lokale sikkerhetspoliti, ligesom han anvendte fire SS mænd, der alle var dømt til døden. Det drejede sig om tyskeren Mondschein, nordmanden Philipsen og de to hollændere Harzuicker og Schröder. Efterfølgende blev hollænderen Harzuicker henrettet, mens det var mere usikkert om de tre andre var blevet skudt, da man ved krigens afslutning endnu ikke havde modtaget bekræftelsen på deres dødsdomme fra Krigsretten i Salzburg.

Informanten Ivar Skarlo fortel i lydopptaka av intervjuet i 2009, også attgjeve i «16 år og Hitlers soldat», at natt til 7. mai 1945 vart dødsdømde fangar ført ut av staden der dei vart halde innesperra. Mellom dei var mannen frå Bergen. Fangane vart ført mot ein stad bak sportsplassen der rekruttane pleide å ha skyteøvingar. Der vart dei skotne. Og at dødsdommane difor vart fullbyrda mens dei allierte snørte nettet om Graz og det kun var timar att av krigen.

I lydopptaka frå 2009 kan eg i dag høyre at Skarlo seier «natt til 7. mai» fleire gonger under intervjuet. Han seier også ved eit høve at det var «10 mann» som vart avretta.

I arbeidet som historikarane Georg Hoffmann og Nicole-Melanie Goll gjorde i 2010 peikar dei på 4 avrettingar i leiren: Den store skjedde 2. april 1945 (112-182 menneske). Deretter vart 14 personar avretta 3. april. 12 personar vart avretta både 7. og 18. april.⁹²

Enten hugsar Ivar Skarlo feil tidspunkt om at avrettinga av den dødsdømde mannen skjedde i mai. Ellers så avdekkar opplysningene nok ei avretting. Det er verdt å merke seg at Hoffman og Goll ikkje nemner avretting av tyskuniformerte soldatar i arbeidet sitt. Heller ikkje nemner dei ei gruppe på 10 personar. Kanskje kan Ivars beretning og denne oppgåva difor bidra til å avdekke nok ein massakre i SS-kaserne Wetzeldorf i 1945?

Konklusjon

Eg har i denne oppgava gått gjennom det dei tilgjengelege kjeldene fortel om Francis Johan Phillipsen. Ved å kartlegge livsløpet viser kjeldene ein normal livsførsel til ein økonomiutdanna mann som jobba som lærar og revisor, men at livet endra seg omkring 1940 mot ei kriminell åtferd og skjebnesvangre personlege val. Han slutta i jobben, verva seg til

⁹² Hoffmann, G./Goll, N.M. 2010

fronten i Finland, skal ha delteke på norsk side under felttoget i Norge, for så å snu på hælen og drive spionasje og angiveri for okkupanten. Kjeldene viser at han truleg dreiv med falskneri, kanskje to gonger i slutten av 1940 og at han vart fengsla. Han kan også ha svindla/stole 1500 kroner frå ein medfange på Ulven året etter.

Deretter provar kjeldene at han verva seg til Den Norske Legion og at han tenestegjorde for tyskarane ute i Europa. Seinare skal han ha kome til å skulde ein norsk frontkjempar 6000 kroner, i ei setting som ikkje verkar venleg. Og at han igjen med stort sannsyn har brote ei eller anna lov på slutten av krigen og blitt dømt til døden for forholdet. Heime sat familien utan informasjon. Kona vart jamvel utsett for mindre trivelege belastningar som konsekvens av nokre av handlingane.


Phillipsen kom ikkje tilbake til Norge etter krigen. Familien mottok ikkje livsteikn i åra som kom. Erstatningsdirektoratet karakteriserte han som «forsvunnet» 2. april 1946.⁹³

Sjølv om kjelder seier at Phillipsen vart dømd til døden, kan det ikkje utleukkast at han kom seg unna i dei kaotiske siste-dagane av krigen, men mista livet på vegen, enten i ei ulukke eller i alliert krigsfangenskap. Men informanten Ivar Skarlo som i intervju fortel at dødsdommen vart fullbyrda, blir støtta av ei skriftleg kjelde som sier at kona i august 1945 fekk vite av advokaten sin at ektemannen var død.⁹⁴ Samstundes blir Ivar Skarlo si beretning støtta av beretninga til fangesjef Viggo Lindbaum. Det blir også understøtta av skriftleg materiale i landsviksmappa.

Det er difor svært sannsynleg at Francis Johan Phillipsen, fødd 1897 på Leikanger, vart dømt til døden av det tyske nazi-regimet og avretta i SS-kaserne Wetzeldorf i Graz i Austerrike før kapitulasjonen i 1945. Vidare er det svært sannsynleg at Francis Johan Phillipsen er identisk med mannen som får ein slik skjebne forklart av Unterscharführer Ivar Skarlo i boka «16 år og Hitlers soldat». Det er også svært sannsynleg at Francis Johan Phillipsen som dødsdømt i tysk militært fangenskap vart beordra til å grave opp lik etter ein massakre i SS-kaserne Wetzeldsdorf og flytte dei til ein massegrav i nærleiken.

⁹³ GBP. L-sak Phillipsen. Erstatningsdirektoratets ED-kort (kartotek kort)

⁹⁴ GBP. L-sak Phillipsen. Lensmannen i Os sitt avhøyr av Borghild Styve 23.08.1945



Bombekratera i og rundt sportsplassen i SS-Kaserne Wetzelsdorf. (Foto: US Air Force).

Vidare gransking

Dette var så langt eg kom innan fristen for innlevering av oppgåva. Det er meir som bør gjerast for å få klårheit i, og jamvel prove, kva som hende med klokkarsonen Francis Johan Phillipsen.

Med tanke på at kjelda/kjeldene i det danske riksarkivet ikkje vart avklara, blir dette naudsynt å følge opp. Det samme bør kjelder i NARA (National Archive) i USA og Bundesarchiv i Tyskland etter at pandemien er under kontroll. I NARA kan det ligge arkiv etter dei amerikanske militære etterforskarane i Graz etter kapitulasjonen. I Bundesarchiv kan materiale frå dommen Phillipsen må ha fått i Norge i 1941 ligge,⁹⁵ samt dødsdommen frå krigsretten i Salzburg 1944/1945.

⁹⁵ Samtale med Yngve Nedrebø, Statsarkivet i Bergen, 12. mai 2021

Det vil òg vere viktig å snakke med forskarar i Austerrike. Gransking gjort av historikarane Nicole-Melanie Goll og Georg Hoffmann (2010) viser at mellom 149 og 219 menneske vart likvidert i SS-kaserne Wetzelsdorf i løpet av april månad 1945. Forskarane ramsar opp fleire type offer, som «krigsfangar», «ungarske jøder», «amerikansk flygar», «vitner» og «motstandsfolk».⁹⁶ Dei nemner ikkje tyskarane sine egne soldatar.

Men oppgåva mi har ei kjelde som namngjev fire tyskuniformerte som dødsdømde. Og oppgåva mi har sannsynleggjort drapet på minst ein - Phillipsen. Dermed kan det hende at oppgåva bidreg til å kaste ytterlegare lys over hendingane i Graz.

Få timar før deadline for denne oppgåva mottok eg e-postar frå dei austerrikske historikarane Hoffman og Goll nevnt ovanfor. Eg hadde skrive til dei i samband med arbeidet. Hoffman fortel i e-postane at dei har informasjon om 6 SS-menn som vart dømt til døden og skotne i leiren. Kroppane deira vart funne av ein østerriksk-russisk kommisjon i ei massegrav få dagar etter krigsslutt.⁹⁷

Vidare arbeid kan difor vere å utveksle informasjon og granske dette saman med dei austerrikske historikarane. Kanskje er det ei oppgåve å finne ut om Francis Johan Phillipsen var mellom dei seks i massegrava? Eller om han kan finnast gravlagd i området bak sportsplassen i dag?⁹⁸

I Austerrike bør ein også sjekke ut historia kring leiren Tobelbad, der den dødsdømde mannen skal ha jobba med bokholderi, og etter intervju til Skarlo å dømme, ha begått lovbroten han vart dømd til døden for. Det kan vere noko å hente her.

Det bør også leitast i fotomateriale. Kommunikasjonen med forskarane nevnt ovanfor tyder på at mange av ofra vart gravd opp att etter krigen. Hoffmann skriv i e-postane at det fins fotomateriale. Og slike kommisjonar som grov opp att offer frå massegraver, må me rekne med dokumenterte grundig med tanke på eventuelle rettsprosessar i etterkant.

⁹⁶ Hoffman/Goll: 2010

⁹⁷ E-post frå Georg Hoffmann 14. mai 2021

⁹⁸ (Magnussen, 2020, episode 4)

I lydopptaka av intervjuet med Ivar Skarlo, slik det også er attgjeve i «16 år og Hitlers soldat», kan ein høyre at Skarlo indikerer at Phillipsen rydda opp etter massedrap på jøder. Som nemnt over var det fleire likvideringar i leiren. Berre ei vidare gransking kan avklara kven av dei Phillipsen rydda opp etter. Var det jøder, kan Phillipsen ha blitt ein ufrivillig deltakar i det som seinare vart kjent som Holocaust.

I dag har SS-kaserne Wetzelsdorf skifta namn til Belgier-Kaserne.⁹⁹

Til slutt kan det nemnast at det ikkje finst etterkommarar etter Phillipsen som kan belyse historia hans. Korkje han eller dei to søstrene fekk barn. Heller ikkje Borghild Styve har etterkommar i dag. Hennar einaste dotter frå eit tidlegare forhold døydde i 2001.

<p style="text-align: center;">†</p> <p>Min inderlig kjære søster og min kjære stedatter</p> <p>Elisabeth Phillipsen sovnet stille inn. Bergen 10. januar 1976. Edith Phillipsen Anna Phillipsen Familien. Etter avdødes ønske har bisettelsen funnet sted i stillhet.</p>	<p style="text-align: center;">†</p> <p>Vår kjære</p> <p>Edith Phillipsen døde stille i dag. Bergen 27. september 1985 For familien Hanna Haug Bisettes i Håpets kapell fredag 4. oktober kl. 12.00. Minnehøytideligheten avsluttes i kapellet.</p>	<p style="text-align: center;">†</p> <p>Min kjære mor og beste venninne, forhv. kontorsjef Borghild Styve gikk bort fra meg i dag. Bestefar har rakt hånden frem og tatt sin datter med seg hjem. Oslo 24. februar 1970. Kari Signhild Styve. Bisettes i Vestre krematorium nye kapell, tirsdag 3. mars kl. 13.30.</p>	<p style="text-align: center;">†</p> <p>Vår alles kjære</p> <p>Kari S. Styve født 15. oktober 1935 sovnet stille inn i dag. Berger sykehjem, 12. mai 2001.</p> <p>For familien Berit og Dorthinius Begraves fra Bryn kapell tirsdag 22. mai kl. 13.00 Sorgehøytideligheten avsluttes ved graven.</p>
---	--	---	--

⁹⁹ «Belgier-Kaserne», 2021

Kjeldeliste

Munnlege kjelder og e-post-kontakt:

Ivar Skarlo (1926 - 2010)

Heidi Klepsvik Kråkenes (1970)

Geir Brenden, arkiveigar

Tommy Natedal, amatørhistorikar

Tor D. Johansen, Stiftelsen Lenken

Yngve Nedrebø, Statsarkivet i Bergen

Michael Stokke, Stiftelsen Narviksenteret

Martin Q. Magnussen, Danmark, programleiar og tidl. politietterforskar (e-post)

Hoffman, Georg, Austerrike, historikar (e-post)

Utrykte kjelder:

Geir Brendens privatarkiv (GBP):

Landssviksak (L-sak) mot Francis Johan Phillipsen (kopi av mappe frå

Landssvikarkivet på Riksarkivet)

Landssviksak (L-sak) mot Felix Hartmann (kopi av mappe frå Landssvikarkivet på Riksarkivet)

Udatert brev frå Georg Bøe til Institutt for Norsk okkupasjonshistorie

Knut Flovik Thoresens privatarkiv (KFTP):

Liste utarbeida av frontkjemparane Knut Baardset og Ole Kristian Brunæs (udatert)

Statsarkivet i Bergen:

Bergen byrett. Dom i skilsmissesaka mellom Borghild Styve og Francis Johan Phillipsen 28.05.1947

Digitalarkivet (DA):

Folketelling 1900 for Kristiania

Kommunal folketelling 1910 for Bergen

Leikanger sokneprestembete, SAB/A-81001: Klokkarbok 1873–1916

Uranienborg prestekontor, SAO/F/Fa/L0005: Ministerialbok nr. 5, 1895-1907

Domkyrkja i Bergen: Ministerialbok nr. E 6, 1904-1946

Domkyrkja i Bergen: Ministerialbok nr. D 6, 1921-1937

Nasjonalbiblioteket (NB)

Skanna aviser tilgjengelege digitalt

Stiftelsen Norsk Okkupasjonshistorie (SNO)

Dokument, bakgrunnsmateriale tilgjengeleg digitalt

Litteraturliste:

Melve, L og Ryymmin, T. (2020). *Historikerens arbeidsmåter*. Universitetsforlaget

Grove, K. og Heiret, J. (2020). Å arbeida med munnlege kjelder. I Melve, L. og Ryymmin, T. (red.), *Historikerens arbeidsmåter* (s. 122–147). Universitetsforlaget

Andresen, A., Rosland, S., Ryymmin, T., Skålevåg, S. A. (2019) *Å gripe fortida*. Det norske samlaget

Brugrand, O.H. (2010). *16 år og Hitlers soldat - historien om Ivar Skarlo, en norsk soldat på Østfronten*. Kagge forlag

Sæther, V. (2010). *En av oss - norske frontkjempere i krig og fred*. Cappelen Damm

Thoresen, K. F., Brenden, G. og Natedal, T. (2012) *Norske offiserer i Waffen-SS*. Historie & kultur

Thoresen, K. F. (2013). *Jernkors og penn*, Historie & kultur

Thoresen, K. F. (2013). *To brødre i krig*, Historie & kultur

Emberland, T. og Kott, M. (2012). *Himmlers Norge – nordmenn i det storgermanske prosjekt*. Aschehoug

Sørлие, S. (2015). *Solkors eller hakekors. Nordmenn i Waffen SS 1941-1945*. Universitetsforlaget

Magnusson, O. (1967). *Jeg vil leve*. Gyldendal Norsk Forlag

Stokke, M. (2011). *Helter, svikere og mordere, kap.2; 1943-1945 Politiske fanger*. Stiftelsen Espeland fangeleir

Veum, E./Brenden, G./Dalen T. G. (2020). *Deres ære var troskap. Nordmenn drept i tysk krigsteneste*. Vega Forlag

Veum, E. (2012). *Nådeløse nordmenn – Statspolitiet 1941–1945*. Kagge forlag

Veum, E. (2013). *Nådeløse nordmenn – Hirden 1933–1945*. Kagge forlag

Veum, E. (2014). *Nådeløse nordmenn – Gestapo 1940–1945*. Kagge forlag

Lindstad, B. (2010). *Den frivillige. En norsk frontkjemper forteller sin historie*. Kagge forlag

Senje, S. (2008). *Glemt soldat*. Pax forlag

Lamark, H. (2002). *Som journalister spør: Om intervju som arbeidsmetode i nyhetsjournalistikk*. IJ-forlaget

Jensen, Jørgen. (1953). *Krigen i Norge 1940. Operasjonene i Glåmadalføret, Trysil og Rendalen*. Den krigshistoriske avdeling/Gyldendal

Borge, B. H. (2021). *Frontkjemperens forurettede kritikere*. Nordnorsk debatt www.nordnorskdebatt.no/frontkjemperens-forurettede-kritikere/o/5-124-122022?fbclid=IwAR3pVlSoyZgcxOagCg5uHIggxH-OY-Vj78oa-WLd_NyQiBDEJ6OkTibcTNU

Sæther, V. og Flovik Thoresen, K. (2021). *På tide å svare om frontkjemperne*. Aftenposten. www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/WOzxRK/paa-tide-aa-svare-om-frontkjemperne

Binder, D. A./Hoffmann, G./Goll, N.M. (2010). *SS-Kaserne Wetzelsdorf Schießplatz Feliferhof*. https://www.bundesheer.at/archiv/a2010/pdf/pk_belgierkaserne.pdf

Magnussen, M. Q. (2020). *Hitlers danske soldater*. Dansk dokumentar i DR (Danmarks Radio), sesong 1 www.dr.dk/drtv/serie/hitlers-danske-soldater_208698 Henta 09.05.2021

Starheim, O. (2015, 9. februar). Frontsoldatar frå Sogn og Fjordane.

I *Allkunne*. www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/historie-i-sogn-og-fjordane/krigshistorie/frontsoldatar-fra-sogn-og-fjordane/1918/82574/.

Sæveraas, T. E. (2017, 16. januar). Administrasjonsrådet. I *Store norske leksikon*. SNL.

<https://snl.no/Administrasjonsrådet>

Njølstad, O. (2020, 21. oktober). NS-medlemmene: Hvem var de? I *Norgeshistorie*.

www.norgeshistorie.no/andre-verdenskrig/1701-ns-medlemmene-hvem-var-de.html

Francis Phillipsen. (u.å.). I *Fanger.no*. Henta 13.5.2021 frå

<https://www.fanger.no/persons/32751>

Phillipsen, F. J. (1923) *Dikte*. Nasjonalbiblioteket: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016091248093

Sjøfartsfilm. (2013, 13. juni). *Avduking Johannes Kalve* [Video]. YouTube.

www.youtube.com/watch?v=Ip7wg_Ex9wk

Emberland, T. (2015, 31. oktober). SS-staten Norge [Video]. Vimeo.

livestream.com/aktivdebatt/events/4459933/videos/103376525

Germanische Leitstelle in Norwegen. (2019, 13. januar). I *Lokalhistoriewiki.no*

https://lokalhistoriewiki.no/Germanische_Leitstelle_in_Norwegen

Magnussen, M. Q. (Programleiar). (2020). *Hitlers danske soldater, episode 4*. [TV-serie].

DR2 www.dr.dk/drtv/se/hitlers-danske-soldater_208769

Belgier-Kaserne. (2021, 7. mai). I *Wikipedia*. <https://de.wikipedia.org/wiki/Belgier-Kaserne>



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave i historie

SA523-O-2021-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	30-04-2021 00:00	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	14-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
SIS-kode:	203 SA523 3 O 2021 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	201
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10848
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei